

VALKOMITEENS INNSTILLING TIL ÅRSMØTET I FAP 2012

VAL TIL DET NASJONALE STYRET I FAP

Valkomiteen som vart nedsett på årsmøtet våren 2011 var sett saman slik:

- Kristin Sletten (HiOA),
- Elisabet Veland (UiB, no HiB)
- Stein Øberg (Forskningsrådet).

Øberg gjekk ut av komiteen i januar 2012 då han ikkje lenger er medlem i FAP. Den attverande komiteen ved Sletten og Veland vedtok derfor å praktisera delt leiarskap i komiteen.

Styret i 2011 har bestått av:

Leiar: **Kjersti Sørli Rimer** **UMB**

Bente E. Holmen **UiA**

Jon Nornes **UiO**

Iris Sigdestad **UMB**

Harald Åge Sæthre **UiB**

1. vara: **Kjersti Forbregd** **NTNU**

2. vara: **Håvard Ravn Ottesen** **HiST**

Dei som er på val ved dette årsmøtet er Holmen, Sæthre og varamedlem Ottesen. Styremedlemmene vert valde for ein toårsperiode.

Valkomiteen arbeidde etter rettesnorene

- kontinuitet
- kjønnsbalanse
- fordeling universitet / høgskolar / andre institusjonar
- fordeling regionar
- stillingskategori
- engasjement

Dei som no i styret ikkje er på val representerer UMB, UiO og NTNU (vara), begge kjønn, og har ulike stillingskategoriar.

Det vart sendt ut mail med førespurnad om framlegg til kandidatar, til følgjande (sitat):

- *Kontaktpersoner i FAP per november 2011*
- *Tilfeldige utvalgte FAPère, fra medlemsliste per september 2011 der e-postadresse er tilgjengelig, fra institusjoner som ikke har registrerte kontaktpersoner.*

Valkomiteen fekk *eitt* framlegg til ny representant til styret på grunnlag av denne førespurnaden.

Sidan valkomiteen er nøgd med det sitjande styret, vart styremedlemmene spurde om dei ville stilla til attval, og Holmen og Ottesen sa ja til dette.

Valkomiteens framlegg til nytt styre får dermed

- god kjønnsbalanse
- representasjon frå HiST, NTNU, UiA, UiB, UiO og UMB
- representantar frå ulike stillingskategoriar og også den tekniske gruppa
- god kontinuitet

Ideelt sett ser vi at styret burde hatt fleire representantar som ikkje arbeider ved eit universitet, men bortsett frå dette meiner vi valkomiteens forslag følgjer rettesnorene godt, og ikkje minst ser vi på alle desse kandidatane som dyktige representantar for medlemmene i FAP.

I valkomiteens framlegg er det ein person som er ny i høve til noverande styre – her følgjer ein presentasjon av han:

Hans-Petter Isaksen

Jeg er 50 år, cand.philol. i medievitenskap og arbeider som rådgiver på Kommunikasjonsavdelingen ved Universitetet i Bergen. Jeg har vært ansatt på UiB siden 1991 og jobbet på alle nivåer; institutt, fakultet og sentraladministrasjon, både som administrativ leder og de siste årene som kommunikasjonsfaglig rådgiver. Jeg har vært medlem av FF og FAP siden 2002. I 2009 ble jeg styremedlem og fra 1/1-2012 leder for FAP ved Universitetet i Bergen.

FAP skal være en sentral premissleverandør overfor FF i saker som angår teknisk-administrativt personale. Særlig i forhold til lønn og faglig utvikling. Virksomheten til FAP skal være tilgjengelig for medlemmene gjennom gode nettsider, nyhetsbrev og faglige konferanser. Dette innebærer videreføring og forbedring av det gode arbeidet som gjøres i dag. Og samspillet og dialogen med lokale FAP-grupper må videreutvikles.

Valkomiteen vil avslutta med to oppmodingar:

- FAP-styret bør særskilt invitera valkomiteen med på alle arrangement som vert arrangerte – mtp nettverksbygging som kan hjelpe komiteen i arbeidet med å finna styrrepresentantar.
- FAP-lag andre stader enn ved universiteta vert særleg oppmoda om å bistå valkomiteen i arbeidet med å finna kandidatar til styret.

Framlegg til styre for 2012

Styrets leiar:	Kjersti Sørlie Rimer	UMB
	Bente E. Holmen	UiA
	Jon Nornes	UiO
	Håvard Ravn Ottesen	HiST
	Iris Sigdestad	UMB
1. vara:	Kjersti Forbregd	NTNU
2. vara:	Hans-Petter Isaksen	UiB

Styret konstituerer seg sjølv, bortsett frå leiarrolla.

23. februar 2012

Kristin Sletten

Elisabet Veland